



RADØY KOMMUNE

AVTALE

MELLOM

RADØY KOMMUNE OG

EIGAR AV GNR. 56, BNR. 2 – 3

VEDKOMANDE FRAMFØRING AV NY STIGELEIDNING HALLANDSVATNET - LIFJELL

1. Radøy kommune får rett til legging og til å ha liggjande vassleidning med turvande kummer og utstyr i samsvar med vedlagde kart utarbeidd av Cowi og datert 22.08.13.
2. I samband med legging av leidningar som delvis vert lagt gjennom borehol og delvis gjennom grøft, får kommunen rett til ferdsel i terreng med maskiner, materiell og personell. Kommunen tar sikte på at minst mogleg skade vert påført eigedomen. Anleggsskade som tross alt måtte verta påført, og som ikkje kan utbetrast på tilfredsstillande måte, skal erstattast etter minneleg avtale eller anleggskadeskjøn.
3. Kommunen pliktar etter at anlegget/anleggsarbeida er fullført, å rydda opp etter seg i og langs leidningstraseen og få terrenget attende til den tilstand det tidlegare hadde så langt dette er mogleg. Meiner grunneigaren at dette ikkje vert gjort tilfredsstillande og at dette i så fall kvalifiserer til erstatning, skal dette handsamast på same måte som den eigentlege anleggskade etter punkt 2.
4. Kommunen har rett til kvar tid å føra tilsyn, grave fram leidningen og føreta nødvendig inspeksjon, reparasjon og vedlikehald. Kommunen sine rettar og pliktar ved slikt framtidig arbeid er dei same som etter punkt 2 og 3.
5. I ein avstand på på 2 meter til kvar side – rekna frå senter- må det ikkje byggjast, gravast, sprengjast eller i det heile settast i verk tiltak som kan medføre fare for leidningen sin tryggleik. I dette feltet er det heller ikkje tillate å planta tre. For øvrig må det i leidningen sin umiddelbare nærleik visast varsemd for å unngå skade. Det er ein føresetnad at leidningen vert lagd med overdekning på minst 0,8m – 1,2 m.
6. Som vederlag for den ulempe grunneigaren vert påført ved legging, avlingstap, klausulering langs leidningen og kommunen sin rett til seinare inspeksjon får grunneigaren ei godtgjerdelse på kr 15,- pr lengdemeter grøft/borehol..
7. Denne avtalen kan tinglysast.

Manger 
Eigar av gnr.56, bnr. 2 - 3

Manger 
Ordføreren i Radøy kommune



RADØY
den grønne øya

Postadr:
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Telefon: 56 34 90 00
Telefaks: 56 34 90 01

E post:
postmottak@radoy.kommune.no

Webside:
www.radoy.kommune.no

Bankgiro:
3636.07.00776

Org.nr:
954 748 634

